

## Rapport frå arbeidet i CEN/TC164/WG9 – Kjemikalie til handsaming av drikkevatt

Av Karl-Jan Erstad  
Rådgivande Agronomar AS

### Introduksjon

Frankrike var vertskap for Arbeidsgruppe 9 (Vassverkskjemikalie) sitt 43. møte, som gjekk av stabelen hos den franske standardiseringsorganisasjonen AFNOR i bydelen La Plaine – Stade de France nord i Paris 23. mai 2013. Det møtte 14 ekspertar frå 6 land; Frankrike, Tyskland, Nederland, Storbritannia, Finland og Noreg.

På samme stad hadde oppdragsgruppene som arbeider med desinfeksjonsmiddel (TG6) og kjemikalie for symjebasseng (TG11), eit førehandsmøte 22. mai.

Hovudmøtet for WG9 tok føre seg oppdatering og vedlikehald av standardar gjennom 5-årsrevisjonar, og stadig var det nokre nye kjemikalie som vert fremma for standardisering, spesielt innan filtermateriale og nye symjebasengkjemikalie.

EEC sit Merke- og produktdirektiv frå 1967 som er avløyst av EU-regulering (EC) nr. 1272/2008, er eit viktig fundament for revisjonane, med innplassering av piktogram for fare, og nye HMT-setningar. Endringar i Biociddirektivet frå hausten 2013 gir stor uvisse for mange kjemikalie.

### Al- og Fe-salt til flokkulering

Det finske leiarskapet meldte at den reviderte EN 890 Jern(III)sulfat (fast form) var publisert i juli 2012.

Ei rekke på 11 Al- og Fe-kjemikalie var no ved utløpet av 5-årsperioden, og det var eit ope spørsmål om dei kunne forlengast utan vidare, eller helst gjennomgå revisjon. Det går heilt klart i retning av revisjon, for ein del oppdateringar trenger seg på som nødvendige.

Spesielt er det problem med UN-nummer, som ikkje lenger stemmer med dei nye globale registera. Med tanke på assortert piktogramtilpassing skulle ALFE-konsortiet oppmodast om å delta i TG2 for desse revisjonane.

Når det gjeld sjølve kjemikalieframstillinga, er det påtrengande at produsentar som Kemira skulle ha vore med i større grad, i tillegg til forskings- og rådgivingsinstitusjonar.

### NaCl til ionebyting og elektroklorering ved membranteknikk

Mr. Anthony Levacque var ny leiar etter Mrs. Siham Semlali, som berre hadde vore i *Compagnie des Salins du Midi et des Salines de l'Est* og dette oppdraget innan CEN eitt års tid.

prEN 16370 Natriumklorid for elektroklorering på staden ved bruk av membranceller er på Formell røystring (FV) fram til 04.06.2013.

EN 896 Natriumhydroksid, EN 897 Natriumkarbonat og EN 898 Natriumhydrogenkarbonat har etter revisjon vorte publisert i november 2012.

prEN 14805 Natriumklorid for elektrokloring på staden – ved bruk av annan teknologi enn membranceller – vil komme under Biocid-direktivet, og denne standarden treng revisjon. Det held med UAP, for det er ein rein tekstrevisjon, lite på det tekniske. Nytt arbeidstema vert søkt tildelt frå TC164.

## Svovel-, fosfor- og ammoniumsambindingar

Det kom 10 standardar til publisering i november 2012, etter nødvendig oppdatering etter merke-reglane, gjort av WG9-sekretariatet i AFNOR. Desse standardane hadde i fjor vore ute til UAP (samanslått Teknisk høyring og Formell røysting).

## Kalkprodukt

I Mr. Norbert Peschen sitt frávær la Dr. Karl-Jan Erstad (N) fram resultat frå arbeidet, etter dei 2 siste møta i TG5, 30. oktober 2012 og 16. april 2013.

prEN 16409 Kalsiummagnesiumoksid er til Formell røysting til 08.10.2013, mens prEN 936 Karbondioksid er til UAP til 25.09.2013.

prEN 1018 Kalsiumkarbonat har gått direkte med nytt prosjekt til ny omarbeiding, og vil få nytt arbeidstemanummer (WI), og det var semje om å sende denne standarden ved revisjon på UAP. Siste versjon etter TG5-møtet i april er sendt til AFNOR frå Dr. Schiffner, sekretær i TG5.

Dei reviderte prEN 1017 Halvbrent dolomitt og prEN 12518 Kalsinert kalsiumkarbonat vil verte sendt til UAP innan 03.12.2013.

prEN 12485 trong eit førebels arbeidstemanummer (PWI) for å starte nødvendig og stor revisjon før utløp av 5-årsperioden, og det er metodikk for dei nye kalkstandardane som må innarbeidast.

## Desinfeksjonsmiddel

Den reviderte standarden EN 16037 Natriumhydrogensulfat vart publisert i juli 2012, og vidare EN 15028 Natriumklorat og EN 15482 Natriumpermanganat i november 2012.

prEN 901 Natriumhypokloritt var til UAP inntil 08.05.2013 og vil verte vurdert i kommen-

tar- og resolusjonsmøte, mens prEN 900 Kalsiumhypokloritt etter Teknisk høyring og påfølgande TG-møte vil vere til Formell røysting innan 28.10.2013.

Den tekniske rapporten TR 14740 Ozon – Produksjonsrettledning må sjekkast, kanskje flyttast frå TG6. Det må spørjast hos medlemsorganisasjonane om det er interesse for å halde på denne, eller slette dokumentet om eksistensen ikkje lenger vert rettferdiggjort i marknaden.

EN 15030 Sølvsalt er det nok interesse for å halde på, og tyskleia revisjon er klar for utsending.

Heile 12 standardar vert no råka av nødvendig 5-årsrevisjon.

Mange standardar er gitt med krav om bromidanalysar, men utan standardmetode for testing. Det krevst i form av forbettringsdokument (*Amendment*) innan 1 år etter publisering av produktstandardar, og arbeidet må forserast.

## Skalldannings- og korrosjonshindrarar

Fire reviderte standardar er sendt for UAP for perioden 04.07.-04.12.2013: prEN 15039 Polykarboksylsyrer og -salt, prEN 15040 Fosfoniske syrer og salt, prEN 15041 Polyfosfat, og prEN 1197 Monosinkfosfatløysing. Det var kritikk mot at revisjonen var litt seint starta i 2011, men leiaren meldte at der var framgang og slutføring.

Frå Spania har det kome inn nye kjemikalie for standardisering, og ein treng å få definert og lagt inn polymerar i prEN 15039, ikkje berre monokjemikalie. Spanjolane dyttar på revisjonen, og refererer alt på eiga hand til dei nye kjemiske formuleringane i sine nasjonale reguleringar.

## Organiske hjelpemiddel til koagulering

Fire reviderte standardar vil sendast til UAP innan 03.12.2013: prEN 1407 Anioniske og ikkje-ioniske polyakrylamid, prEN 1408 Polydiallyldimetylammoniumklorid, prEN 1409 Polyamin, og prEN 1410 Kationiske polyakrylamid.

## Uorganiske støtte- og filtermateriale

Åtte reviderte standardar vart publiserte i november 2012 etter UAP: Jern(III)hydroksid og -oksid, ekspanderte aluminosilikat, pimpstein, antrasitt, granat, barytt, diatoméjord i pulverform, og pulverisert Perlitt.

Ved revisjon er det berre ei hovudsak å passe på for endring: merking av varene etter CLP-direktivet.

prEN 12911 Mangangrønsand (eit italiensk grønsandprodukt) har vore til UAP, og vert handsama for publisering, mens prEN 16070 Naturleg zeolitt går til Formell røysting etter 2. Teknisk høyring.

EN 14368 Mangandioksiddekka kalkstein og EN 14369 Jerndekka granulert aktivert alumina står framføre 5-årsrevisjon.

## Kjemikalie for symjebasseng

prEN 16038 Natriumhydrogensulfat vart publisert i juli 2012.

Fem standardar, dei fleste vedrørande kjemikalie brukt til desinfeksjon, er sendt for Formell røysting i perioden 01.08.-01.10.2013. Mellom desse skal det nemnast at prEN 16401 Salt for elektroklorinering ikkje er for membranceller. Sporstoffkrava er ikkje strenge nok for Pb, Fe og B, kanskje også Mn, Mg og Ca – tekniske problem ved symjeanlegg. Det må eit forbetringstillegg (*Amendment*) til for dette, og ved revisjon innarbeide det i standarden, altså referere til drikkevasstandarden, men med unntak av krav for sporelement som får eit eige kapittel.

Sju standardar har vore på UAP, og kommentarane skal handsamast. Det er 4 standardar som må vere sendt til UAP for arbeidstemafrist 03.12.2013.

EN 15074 Ozon må klargjerast for 5-årsrevisjon.

## Ionebyttar-resinar, chelaterte

Det var meldt at arbeidet framleis går sakte framover.

AFNOR-metode er føretrekt frå britisk side, Mrs. Joanna Hunt, DWI-DEFRA (UK) involvert i denne, men det er problem med eksistens av berre den franske versjonen, samarbeidsgruppe

med TC164/WG3 er oppretta. Eit dokument er venta til neste møte, og Nederland er også sterkt involvert (KIWI).

## Revidert Biociddirektiv gir uro

EU sitt Biociddirektiv vert oppdatert frå september 2013, og ozon, klor m.fl. vert inkludert i vedlegg i direktivet. Råstoffet til ozon (O<sub>3</sub>) kan verte vanskeleg å definere – teknisk O<sub>2</sub>? Det er neppe nok at produktet alt er i marknaden, det må også inn i eit program for gjennomsyn (*Review*). Industrien må ta opp dette med EU-kommisjonen, som per i dag heller ikkje er klar over handteringa av denne saka.

Det dukkar opp problem med definisjon av biocid – alt som kan skade liv, i EU-praksis meint ein mikroorganisme.

Dersom EU ikkje kjem opp med felles løysing, må EU/EØS-medlemsstatane komme opp med nasjonale løysingar (med basis i Vedlegg B i Biociddirektivet) utifrå helseaspekt, slik at ozonbruk ikkje stoppar.

I augeblinken er det eit stort kaos omkring dei nye biociddefinisjonane i direktivet sitt Vedlegg A.

I standardane må det i framtida skillast mellom molekyl, polymerar, fysikalske kolloid og krystallar av sambindingar. Dette gjeld alt i Frankrike.

## Neste møte

Neste møte i CEN/TC164/WG9 vert torsdag 15.mai 2014 i London hos BSI, eller evt. i Lyon, Frankrike.

Møte i TG6 og TG11 vert som vanleg halde i førekant, onsdag 14. mai 2014.